

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

1921 - 1951

Me lyt og takka gå vidare til Landslaget for hjelp og studnad i åra som for, og ei serskild takk til generalsekretær Hoibø, som alltid har vori tenestviljug med råd og rettleiing når me kalla på han.

L. V.

Sivert Kjærland

Formann i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 1922—31.

Sivert Kjærland er fødd i Uskedalne i Kvinnherad 23. februar 1867. Og på farsgarden Kjærland har han levt heile sitt liv. Sjølv seier han at han ofte har kjent det som eit sagn at han ikkje kom seg ut på ein eller annan skule i unge år. Han vilde so gjerne læra meir enn det nokre vikors folkeskule kunde gje. Men vi som kjenner Sivert Kjærland er ikkje so visse på at den skulegonga som han sjølv seier at han saknar, har vore til noko tap korkje for han sjølv eller for andre. For han er ein sjøvlværd mann, og det som han på denne måten lærde, har han eigna til seg på ein måte, so det har kome alle som har vorte kjende med han til gode.

Olav Gullvåg skreiv ein gong at han kjende ingen som kunde sine klassikarar soleis som Kjærland, og som hadde evna til å nytta deira åndelege rikdomar i samtaler um alle, og kanskje mest om daglegdagse spursmål. Og det er ikkje berre Gullvåg som er av den meining. Kvar og ein som har kome i samtale med Kjærland, har fått oppleva det. Ibsen, Vinje og Garborg er dei store åndshovdingane hans, men Bjørnson, Jonas Lie og Kielland er han heller ikkje framand for. Og mange av dei diktarane frå siste halvtti av det fyrre hudradåret og få dei fyrste tiår i dette, har han og kjenkskap til.

Sjølv har Kjærland fortalt meg at han slukte alle bøker



Sivert Kjærland

han kom over i sine ungdoms- og manndoms år. Og det han las sat som spikra i hausen. Det er han elles ikkje åleine om. Men Gullvåg hadde so heilt rett når han skreiv at ein sjeldan skal møta nokon, kor lærde dei so er, som soleis kan nytta ut det dei har lese i samtalar som vedkjem det praktiske livet.

Då Sivert Kjærland var 21 år — 1888 — var han med og skipa Uskedalen ungdomslag, eit av dei fyrste frilynde ungdomslagi i Hordaland. Han kom med i det fyrste styret og var formann i fleire år. Ungdomslaget var seinare ein kjær stad for han. Like til han kom opp i dei eldre år, var han ofte å finna på vanlege møte. Ei mengd foredrag heldt han fram gjenom åri, ofte var det ein diktar eller eit diktverk han tala om. Ungdomslaget var heile tidi ein skule for han, har han sjølv sagt, og dei unge i Uskedalen kan like so visst seia at Kjærland var ei god skulemeister for deim.

Men det var fleire oppgåvor som venta på den evnerike

unge mannen. Og den fyrste av desse var for han, som for so mange andre i bygdene, heradstyret. Her kom han tidleg med og han vart vald oppatt og oppatt til han sa frå seg i 70 års alderen. I heradstyret var han ein av dei som vart høyrd på. Han var ein god debattant, og endå i den verdslege materien som for det meste ligg fyre i kommunalt styr og stell, tok han med sine kjære klassikarar. Dette hadde meir enn ein gong, evne til å draga ein elles lågtliggjande strid opp på eit høgre nivå. Millom dei sakene som han saman med andre uskedøler stridde fram, var eigi kyrkja for bygdi. Den vart reist i 1914.

Av det arbeidet som han gjennom heradstyret kom med i, var arbeidet som utskiftings- og takstmann noko av det som han sette mest pris på. Han var i mange år ein av dei mest nytta utskiftings og takstmenn både i Kvinnherad og vidare med. M. a. vart han ein av takstmennene for grunn og ulempor då Voss—Granvinjarnvegen skulde byggjast. Han var og Hypotekbanken sin takstmann i Kvinnherad i mange år.

Hordaland fylke valde Kjærland med i tilsynsnemndi for Valen sjukehus, og dette arbeidet var han sterkt interessert i.

Men største interessa hans var no likevel garden og kanskje mest stellet med husdyri. Hestemannen Sivert Kjærland er vel kjend av alle hesteinteresserte. Han var ein av dei fyrste i Kvinnherad som hadde premimerr ståande på stallen. I 1914 var han og grannen (Peder Kjærland) til jubileumsutstillingen i Oslo og fekk andre premi for kvar si ullsblakk merr. Og seinare hadde han mange premimerrar, m. a. ei av dei fåe fyrsteprimie merrane som har stade i Hordaland. Som formann i Kvinnherad hestealsslag var han fleire turar til Nordfjord for å kjøpa lagshingst.

Då Uskedal bonde og småbrukarlag vart skipa i 1921 kom han med der, og seinare kom han med i fylkeslaget og var formann i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag frå 1922 til

1931. Dette førde han inn i styret for Hordaland Landbruks-selskap der han sat til 1937, den lengste tidi som varafor-mann.

No er Sivert Kjærland ein mann på 84 år, og han har gått gjenom mykje sjukdom i det siste. Men enno følgjer han vake med i det som går fyre seg. Enno har han ingen van-skar med å finna visdomsord av Ibsen eller Garborg som kommentar til dagsens strid og stræv.

Hallstein Helland

Formann i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 1931—36.

Hallstein Helland er fødd på garden Helland i Bordalen på Voss 30. januar 1879. Som ungdom arbeidde han ein del ved hellebrota på Voss, men han kom snart heim og overtok farsgarden alt i 1903, og sia har han vori bonde og busett der.

Det viste seg snart at Helland var ein sers dugande bonde, og han fekk på kort tid dreve garden monaleg fram, og han kan sjå attende på velgjort arbeid. I hans brukstid er mykje jord opprudd, kulturbeite er dyrka, nye tidhøvelege uthus er reiste o. s. b.

Men Helland hadde ikkje berre faglege interesser. Han var og er sterkt sosialt interessert, og som den rettlina trauste karen han er, vart det for småkårsfolket på bygdene han tok opp striden, og det vart meir og meir ei hjartesak for han å gjera kva gjerast kunde her. I første omgang vart det i Voss bonde- og småbrukarlag han tok opp dette arbeidet. I 1922 kom han med i styret for dette laget og stod som styre-lem til 1936, då han sa frå seg attval. I åra 1924 til og med 1929 var han formann, og i denne tia var han primus motor i laget. Det fall av seg sjølv at Helland vart nytta som utsending til dei ymse samskipnader som vedkjem laget, og han vart